



Gunn Kvalvågnes
Keilevegen 97 B
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/402 - 18/4377

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
12.02.2018

Svar på spørsmål som gjeld hyttetomtar - gbnr 124/24, 124/25 og 124/26 Kjeilegavlen

Lindås kommune viser til din førespurnad datert 08.02.2018 og samtale om saka 09.02.2018.

Utslepp:

Det vart gitt utsleppsløyve for tre hyttetomtar i vedtak datert 04.03.2015, jf arkivsak 14/7707. Løyvet gjeld i 3 år, jf Forskrift om begrensing av forurensing § 12-5, det vil seia at dersom arbeidet med å etablera anlegget ikkje er sett i gang innan 04.03.2018, fell løyvet vekk. Det må då sendast inn ny søknad med ny dokumentasjon i samsvar med forureiningsforskrifta, dersom det framleis er aktuelt å etablera anlegget.

Vi gjer merksam på at sjølv om det er gitt utsleppsløyve, må det liggja føre løyve til å etablera anlegget etter plan- og bygningslova, dvs byggjeløyve. Søknad om løyve til å etablera vass- og avlaupsleidningar for hyttetomtane, mottatt 01.12.2014, vart arkivert utan handsaming på grunn uavklarte forhold knytt til den etablerte privat vassleidningen mellom Hopsvågen og Kjeilegavlvika som hyttetomtane skulle knyta seg til, jf vårt skriv datert 12.02.2016. Det vart samstundes orientert om at ny søknad kunne sendast inn når forholda var avklarte.

Avkjørsle

Det vart gitt løyve til omlegging av avkjørsle i vedtak datert 23.03.2016 (byggjeløyve), jf arkivsak 14/6550. Løyvet gjeld i 3 år, jf plan- og bygningslova § 21-9. Dersom arbeidet med å etablera avkjørsla ikkje er tatt til innan 23.03.2019 må det søkjast om nytt avkjøringsløyve etter veglova og løyve til å etablera avkjørsla etter plan- og bygningslova.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Gunn Kvalvågnes

Keilevegen 97 B 5953

FONNES